



Kinn kommune

Kinn barnevern

Tilstandsrapport – 2023



Lena Eikefjord
21.05.2024



Innhald

1. Innhald	2
2. Presentasjon av Kinn barnevern	2
3. Om barneverntenesta	3
4. Ulike temaområder	4
4.1 Ny barnevernslov, gjeldande frå 2023.....	4
4.2 Lovfestar krav til kompetanse hos tilsette i barnevernstenesta.....	4
4.3 Førebyggjande arbeid og tidleg innsats.....	4
4.4 Landsomfattande tilsyn med barnevern 2022 – 2023.....	6
5. Område vi vert målte på	6
5.1 Meldingar	7
5.2 Undersøkingar	9
5.3 Hjelpetiltak inkludert frivilleg plassering	10
5.4 Barn under omsorg.....	12
5.5 Ettervern.....	13
5.6 Barnevernvakt	14
5.7 Bemanning, sjukefråvær, kompetanse og kvalitet	14
5.8 Økonomi	17
6. Utfordringsbildet	19
7. Innsatsområder og tiltak	20



1. Innhald

Frå 2021 er det lovpålagt at barnevernstenesta skal levere tilstandsrapport til kommunen si administrative og politiske leiing kvart år. Målet er å gje politikarane innsikt i og kunnskap om tenesta. Kommunens øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta jobbar i tråd med gjeldande regelverk, og for at tenestene er forsvarlege. Tilstandsrapporten kan vere viktig når det skal gjerast prioriteringar knytt til tenester retta mot sårbare barn, unge og familiar. Den skal også legge til rette for dialog mellom leiinga i barnevernstenesta, administrativ leiing og politisk leiing.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barnevernstenesta, regulert i kommunelovens § 25-1. Rapporten skal bidra til auka bevisstheit i høve kva som er godt barnevern, herunder kunnskap om barneverntenesta sin kapasitet, oppfylging av tidsfristar, tenesta sitt ressursbruk og samarbeid med andre instansar.

Ein kan lese meir om tilstandsrapport på Bufdir sine heimesider.

2. Presentasjon av Kinn barnevern

Kinn barnevern er organisert under oppvekstsektoren saman med skular, barnehagar, helsestasjon og PPT.

Kinn barnevern har to avdelingar:

Kinn barnevern Florø har 11 tilsette; av disse 0,3 avd. leiar, 1 merkantil, 8,7 kontaktpersonar og 1 miljøterapeut.

Florø kontoret jobber etter generalistmodell, det vil sei at alle tilsette får opplæring til å jobbe med heile forløpet i ei barnevernsak, frå melding til undersøkelse, hjelpetiltak og omsorgstiltak.

Kinn barnevern Måløy har 6 tilsette; av disse 0,3 avd. leiar, 5 kontaktpersonar og 0,7 miljøterapeut. I tillegg betaler Kinn barnevern 30 % av lønsutgifter til helsesjukepleiar som jobbar med førebyggjande tiltak i heim. Per utgongen av 2023 har Kinn barnevern Måløy 80 % vakant stilling.

Måløy kontoret jobbar i team, der 2 sakshandsamarar jobbar med melding/undersøking, og tiltak i heim til barn under 12 år. To sakshandsamarar jobbar med tiltak utanfor heim og hjelpetiltak for barn over 12 år. Avd. leiar jobbar i begge team.

I Måløy kontoret har det vore endring i avd. leiar stilling sommaren 2023.



I tillegg kjem tenesteleiar/barnevernleiar for begge kontor.

Kinn barnevern har i 2023 hatt 40 % tiltaksressurs som skal kunne jobbe med tiltakssaker både i Måløy og Florø.

Endring i 2024:

Kinn barnevern har gjort ei endring i organisering av arbeidsoppgåver frå 2024, der heile tenesta no jobbar etter spesialistmodellen. Vi er delt inn i følgjande team:

- Team melding
- Team undersøkelse og hjelpetiltak og
- Team omsorg og ettervern.

3. Om barneverntenesta

Barneverntenesta sitt arbeid er forankra i Lov om barnevern (barnevernsloven).

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97>)

Barneverntjenesten skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn får trygge oppvekstvilkår (Lov om barnevern §1-1)

Barnevernstenesta sitt ansvar omfatter alt frå melding, undersøkelse, hjelpetiltak, oppfølging av barn under omsorg samt ettervern til ungdom frå 18 – 25 år.

Barns rett til medverknad er sentralt i alt arbeid barneverntenesta gjer, og skal gå fram i alle deler av sakshandsaminga. Alle barn skal høyrast og ha moglegheit til å medverke i alle prosessar og beslutningar som gjeld dei.

Barnevernslova sin § 1-7 krev at barnevernstenesta si sakshandsaming, tenester og tiltak skal vere forsvarleg. Forsvarlegheitskravet er ein rettsleg standard som endrast over tid i takt med utvikling av kunnskap og kompetanse på fagområdet. Oppfatninga av kva som er forsvarleg vil også endrast i takt med samfunnsutviklinga, og som ein konsekvens av føringar på bakgrunn av ulike rettsinstansar sine avgjersler og grunngeving i saker som har vore ført for domstol. Omsynet til barnets beste og vurdering av dette er eit svært viktig prinsipp i barneverntenesta.



4. Ulike temaområder

4.1 Ny barnevernslov, gjeldande frå 2023

Kompetansekrav, meir førebygging, økte krav til dokumentasjon og grunngjeving og meir styring og leiing lokalt. Barn sine rettar vert styrka, og fastsetting av samvær vert endra i tråd med føringar frå Høgsterett og den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD).

4.2 Lovfestar krav til kompetanse hos tilsette i barnevernstenesta

Krav til kompetanse er heilt sentralt for å styrke kvaliteten på barnevernstenesta sitt arbeid. Det er vedtatt at det vert innført krav om barnevernsfagleg eller anna relevant mastergrads utdanning for tilsette i det kommunale barnevernet med leiarfunksjonar, utgreiingsoppgåver, og vedtaksmynde. Kravet til masterutdanning kan kompenseras gjennom bachelor utdanning dersom det innan 1 januar 2031 kan dokumenterast minst fire års arbeidserfaring frå barnevernstenesta samt gjennomført ein barnevernfagleg vidareutdanning på minimum 30 studiepoeng (Lov om barnevern § 15-6).

Leiar si vurdering:

Kinn barnevern ligg godt ann for å innfri krav om master eller tilsvarende frå 2031. Per i dag manglar 3 tilsette vidareutdanning.

Kinn barnevern har to tilsette med master i barnevern, 6 tilsette har tatt godkjent barnevernsfagleg vidareutdanning, 2 tilsette er ikkje aktuelle for vidareutdanning grunnet naturleg avgang innan 2031. Vi har 3 tilsette som jobbar med tiltak som ikkje kjem under kompetansekravet, samt merkantil. Avdelingsleiar i Florø er i gang med barnevernfagleg rettleiing, samt at leiar starta på vidareutdanning i barnevernsleiing hausten 2023.

4.3 Førebyggande arbeid og tidleg innsats

Ny barnevernslov og oppvekstreforma skal bidra til auka fokus på førebygging og tidleg innsats i kommunane. Lova pålegg kommunane til å sjå tilbodet til barn og unge i samanheng, og kommunestyret har sjølv ansvar for å vedta ein plan for det førebyggande arbeidet, korleis arbeidet skal fordelast mellom dei ulike kommunale tenestene og korleis dei skal samarbeide. Det er eit mål at barn og familiar som strevar skal få den støtta dei treng før utfordringane i kvardagen veks til alvorlege problem. Verksame, og førebyggande tiltak vil redusere behovet for meir inngripande tiltak som til dømes frå barnevernstenesta.

Barnevernsreforma byr på spennande moglegheiter når det gjeld samordning og samarbeid med andre tenester. Alle tenestene som jobbar med barn og familiar har eit sjølvstendig



Kinn kommune

ansvar for å gje den hjelpa dei er pliktig til etter eige regelverk. Eit av barneverntenesta sine nasjonale kvalitetsmål er at innsatsen skal vere samordna og prega av kontinuitet.

Samordning og samarbeid inneber å koordinere «kven gjere kva, til kva tidspunkt» sørge for at dei ulike tenestene jobbar mot same mål og at naudsynt og tilstrekkeleg informasjon vert delt mellom tenestene for å hjelpe barnet best mogleg.

Kinn barnevern samarbeider i stor grad med skular, barnehagar, helsestasjon, PPT, NAV og Helse- og omsorgstenesta. Vi samarbeider både på individ- og systemnivå. På individnivå er samarbeid i all hovudsak basert på samtykke frå dei det gjeld, og barnevernstenesta har ofte ei koordinerande rolle i dei fleste saker. På systemnivå samarbeider barneverntenesta med andre tenester, der vi blant anna deltek på leiarmøter i oppvekstsektoren og i tverrfaglege leiarmøter med dei lovpålagde kommunale hjelpetenestene PPT og helsestasjonen. Vi har også samarbeidsavtalar med til dømes NAV, familievernkontoret, tannhelsetenesta og politiet som skal reviderast jamleg.

Det er eit lovfesta krav om at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for kommunens arbeid for å førebygge omsorgssvikt og atferdsproblem. Kinn kommune er godt i gang med plan for det førebyggjande arbeidet gjennom temaplan for oppvekst. Kinn barnevern deltek i dette arbeidet. Temaplanen er ikkje vedtatt i kommunestyret per utgangen av 2023. Det førebyggjande arbeidet vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats for å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Barnevernreforma har gitt kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Kommunane får det fulle økonomiske og faglege ansvaret når barn vert plassert i fosterheim. Kommunale eigenandelar når barn har behov for statlege barnevernstiltak, som til dømes institusjon har auka kraftig. Det vil med utgangspunkt i dette vere lønnsamt å satse på lokal førebygging og eit samordna familiestøttande arbeid. Tanken er at barn får best og meir tilpassa hjelp i nærmiljøet, fortrinnsvis med støtte frå familie og nettverk.

Hovudmål med reforma:

- Kommunene som heilhet skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging.
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiar sine behov.
- Rettssikkerheita til barn og familiar skal bli godt ivareteke.
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Den nye lova set barnas behov i sentrum og skal bidra til auka førebygging og tidleg innsats i tråd med barnevernreforma. Det skal i større grad byggast på dei ressursane som alt finnes rundt barnet, både der barnet bur og i familien sitt nettverk. Barnevernstenesta har eit stort eigarskap til dette arbeidet då effektane av den førebyggjande planen har direkte samanheng med barnevernstenesta sine resultat på fleire område, då spesielt økonomi.

Føremålet med den førebyggjande planen er at barn som treng det, skal få rett hjelp til rett tid. Kommunane får eit større ansvar for barnevernet, og det førebyggjande og tverrsektorielle samarbeidet må styrkast. Barnevernreforma er derfor også ei oppvekstreform.



4.4 Landsomfattande tilsyn med barnevern 2022 – 2023

Statsforvaltaren har gjennomført eit landsomfattande tilsyn med barnevernstenestene si oppfølging av barn plassert i fosterheim. I Kinn kommune vart dette tilsynet gjennomført i veke 23, frå 5. – 9. juni 2023 og tilsynet konkluderte med lovbrøt. Lovbrøta har blitt følgt opp i løpet av hausten 2023 og barnevernstenesta har laga ein plan for lukking av lovbrøt, samt for å forhindre nye lovbrøt. Barnevernstenesta har fått tilbakemelding om at Statsforvaltaren si vurdering er at tiltak som er iverksett er eigna til å sikre ein felles og forsvarleg praksis i barnevernstenesta og at det kan sikre at barn og fosterheimar får forsvarleg oppfølging i tråd med barnets behov. Tilsynet med Kinn barnevern er ikkje formelt lukka per mai 2024.

<https://www.helsetilsynet.no/publikasjoner/internserien/2022/barneverntjenestens-oppfolging-av-barn-i-fosterhjem.-veileder-for-landsomfattande-tilsyn-2022-2023/#>

5. Område vi vert målte på

Det er eit krav i barnevernsloven at kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald i lov. Internkontroll inneber systematiske tiltak som sikrer at barneverntenesta sine aktivitetar vert planlagt, organisert, utført og vedlikeholdt. Kinn kommune nyttar internkontrollsystemet Compilo. Kinn barnevern har i 2022 jobba aktivt med å revidere alle rutinar og prosedyrer, eit arbeid som vart vidareført våren og hausten 2023. Det er utarbeidd årshjul for internkontroll der prosedyrer skal gjennomgå og oppdateres jamnlig av barnevernleiar, avdelingsleiarar og tilsette. Vi skal også utarbeide ROS- analyse av kritiske områder av arbeidet vårt, men dette arbeidet er flytta til våren 2024 grunna arbeid med lukking av lovbrøt etter tilsynet.

Statsforvaltaren fører tilsyn med lovligeita av kommunen si oppfylging av plikter etter barnevernsloven og er barnevernstenesta sitt faglege rådgjevande organ. Å måle kvalitet i ei barnevernteneste er ikkje heilt enkelt. For at styresmaktene skal ha ein viss kontroll med barnevernstenestene vert det rapportert kvartalsvis og halvårleg til Statsforvaltaren, samt årleg til Statistisk Sentralbyrå. Rapporteringa består av tal- og filuttrekk frå fagsystemet. På den måten kan ein få ein kvantitativ oversikt over produksjon/lovligeit i tenesta. Desse rapportane seier imidlertid ingenting om korleis barn og familiar opplever å motta hjelp frå barneverntenesta. Tallfesting av menneskelege tenester gjev ikkje ein komplett oversikt over kvaliteten på tenesta.

Vidare følgjer ulike område som Kinn barnevern rapportar og vert målt på, og gjev ei kortfatta oversikt over korleis vi utfører dei ulike oppgåvene.



5.1 Meldingar

Dersom ein privatperson eller offentleg tilsett er bekymra for om eit barn får god nok omsorg, kan ein melde frå til barneverntenesta. Privatpersonar kan gje melding anonymt. Offentleg tilsette må levere bekymringsmeldingen skriftleg, og kan ikkje vere anonyme.

Meldingar til barnevernstenesta skal som ein hovudregel skje i samarbeid med foreldre/føresette og andre tenester verken kan eller skal melde bekymring til barnevernet når utfordringane og ansvaret for å løyse desse utfordringane ligg i eiga teneste.

Barn/ungdom skal ha hjelp til rett tid, etter rett lovverk, av rett faginstans og med rett kompetanse. Dette er viktig for barns rettssikkerheit og langt ifrå alle utfordringar skal eller kan løysast av barnevernstenesta.

Barnevernstenesta skal ifølgje barnevernsloven snarast, og seinast innan ei veke, gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal følgjast opp med undersøking etter § 2-1. Dersom melding ikkje vert vurdert innan ei veke, får ein eit fristbrot. Dersom ei melding vert henlagt, skal dette grunngjevast både fagleg og skriftleg.

Årsak til at ei melding vert henlagt:

- Forholda som er omtalt utgjere ikkje ei alvorleg bekymring og fell utanfor barnevernsloven § 2-2.
- Bekymringane er nyleg undersøkt utan at meldar har kjennskap til dette.
- Forholda som vert omtalt bør forsøkast løyst med bistand frå andre instansar, til dømes familievernkontoret.
- Det kjem fram i meldingsavklaringa at barnet vert i liten grad påverka av forholda som vert skildra i bekymringsmeldinga.

I Kinn barnevern Florø har vi eit meldingsteam som består av avdelingsleiar/barnevernleiar og tre sakshandsamar som gjennomgår alle innkomne meldingar kvar veke. I Kinn barnevern Måløy vert meldingar gjennomgått i saksmøte i kontoret kvar veke, der avdelingsleiar/barnevernleiar er tilstade.

Frå våren 2024 har Kinn barnevern **eit felles** meldingsteam som består av leiar og avdelingsleiarar frå begge kontor.

Meldingar

Kinn barnevern	2023	2022
Antall mottatte meldingar	237	185
- Undersøkes	110	85
- Henlagt	50	38
- Henlagt aktiv tiltakssak	43	34
- Melding i aktiv undersøking	34	28
Fristbrot meldingar	2	1



Kven melder

Melder	2023	2022
Barnevernstenesta	13	17
Politi/lensmann	82	54
Skule	16	15
Barnehage	5	5
Mor/far/føresatte	19	20
Andre privatpersonar	13	14
Barnevernsvakt	21	6
Helsestasjon/skulehelsetenesta	12	8
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	1	0
NAV (kommune og stat)	7	2
Psykisk helsevern vaksne	6	7
Psykisk helsevern barn og unge	4	2
Barnet sjølv	1	1

*Oversikten over meldare er ikkje komplett. Ein har utelatt dei instansane som på det jamne ligg svært lågt på bekymringsmelding til barnevernstenesta.

Barnevernleiar si vurdering av arbeidet med meldingar

Antall bekymringsmeldingar varierer frå år til år, noko som er normalt. I 2023 har vi hatt eit høgt tall på mottekne bekymringsmeldingar, totalt 52 fleire enn mottekne meldingar i 2022. Hittil i 2024 ser vi at tal mottekne bekymringsmeldingar er høgare enn i same periode i 2023, med totalt 22 fleire meldingar i same tidsrom.

Ei auke i bekymringsmeldingar kan bety at kompetansenivået i oppvekstfeltet på å identifisere risikofaktorar er heva og gjer at vi klarer å sjå dei barna som er i risiko. Det kan også bety at det førebyggjande arbeidet ikkje er godt nok koordinert og ikkje gjev ønska resultat. Vi må sjå på heile oppvekstfeltet under ett for å forstå utviklinga, samt sjå nærare på dei meldingane som kjem til barnevernstenesta.

Det er familie (mor, far, føresette), andre privatpersonar, barnevernstenesta og politi som ligg høgst på bekymringsmelding til barnevernet. Dette er ikkje spesielt for perioden, men har vore relativt stabilt over tid. At det er få meldingar frå PPT kan handle om at deira målgruppe allereie har aktiv sak i barnevernstenesta, eller at bekymringsmelding er sendt i samsvar med skulane. Skulen vert då registrert som melder.

Kinn barnevern har 2 fristbrot på meldingar i 2023. Vi kan på tross av dette sei at vi har gode rutinar på gjennomgang av meldingar og at fristbrot førekjem svært sjeldan. Vi har gjennomgått våre prosedyrar og satt inn tiltak for å hindre nye fristbrot.



Kinn barnevern har høg terskel for å henlegge innkomne bekymringsmeldingar og det vert vurdert at avgjerd om å henlegge meldingar er i tråd med nasjonale retningslinjer.

Det er auka krav til fagleg kvalitet og dokumentasjon i meldingsarbeid, noko som fører til auka krav om dokumentasjon og sakshandsaming. Dette vert det jobba aktivt med i Kinn barnevern og vi nyttar framleis kompetansen vi har tileigna oss gjennom deltaking i tenestestøtteprogrammet hausten 2021.

5.2 Undersøkingar

Dersom det er rimeleg grunn til å anta at det føreligg forhold som kan gje grunnlag for tiltak etter lova, skal barneverntenesta undersøke forholdet.

Undersøkinga skal gjennomførast snarast og seinast innan tre månadar, jf. barnevernsloven § 2-2. I særlege tilfelle kan undersøkingstida utvidast til inntil seks månader totalt.

Undersøkinga skal gjerast så skånsam som mogleg, samtidig som barneverntenesta har eit lovkrav med omsyn til foreldre og barns medverknad. Foreldre og barn kan ha ulike oppfatningar om sin situasjon og deira interesser kan komme i konflikt. Det er barneverntenesta sitt ansvar å ta omsyn til barnet.

Undersøking kan konkluderast med vedtak om tiltak, eller henleggast.

I undersøkingar går vi nesten alltid på heimebesøk og vi snakkar alltid med barna og foreldra/føresette bekymringsmeldinga gjeld. Dersom det vert vurdert nødvendig, hentar vi inn komparent opplysningar som kan gje oss utfyllande opplysningar om situasjonen til barna og familien; dette frå skule, barnehage, helsestasjon, evt. BUP, PPT, lege, politi, etc. Ei undersøking skal aldri gjerast meir omfattande enn føremålet tilseier, jf. minste inngreps prinsipp.

Frå våren 2024 har Kinn barnevern omorganisert undersøkelsesarbeidet i team, der vi no jobbar spesialisert med undersøkelse og hjelpetiltak.

Kinn barnevern	2023	2022
Antall nye undersøkingar	108	88
Antall henlagte undersøkingar	62	39
Undersøkingar konkludert med tiltak	54	45
Utvida frist i undersøking; 6 mnd	5	4
Fristbrot	2	1



Barnevernleiar si vurdering av arbeid med undersøkingar

Barnevernleiar vurderer at undersøkningsarbeidet har vore svært tid- og resurskrevjande i 2023. Ein har korte fristar til dette arbeidet og det er mange aktivitetar som skal gjerast undervegs i prosessen. I 2023 har vi hatt ei store auke i nye undersøkingar med 20 fleire nye undersøkingar enn vi hadde i 2022.

I 2023 vart det utvida frist i 5 undersøkingar, der 3 av disse er godkjent av Statsforvaltaren. **Vi har dermed 2 fristbrot i undersøkingar i 2023.** Det er auka krav til fagleg kvalitet og dokumentasjon i undersøkningsarbeidet. Blant anna er det lovpålagt med undersøkningsplan. Dette fører til auka krav om dokumentasjon og sakshandsaming. Ved utviding av undersøking må det gå tydeleg fram kva som er gjort så langt i undersøkinga og kva som er årsaka til at undersøkinga ikkje kan avsluttast innan fristen på tre månadar. Det må også gå fram kva som er arbeidet vidare i undersøkinga, også om undersøkinga må planleggast på ein annan måte for å avklare det bekymringa gjeld. I tillegg må det gå fram ei vurdering av om det er barnets beste å utvide undersøkningsfristen. Barnevernstenesta nyttar blant anna tilbakemelding frå statsforvaltaren på utvida frist til å gå igjennom rutine for å sikre at vi har forsvarleg praksis i undersøkningsarbeidet.

5.3 Hjelpetiltak inkludert frivilleg plassering

Når barnet på grunn av sin omsorgssituasjon eller atferd har eit særskilt behov for hjelp skal barnevernstenesta tilby og sette i verk hjelpetiltak for barnet og foreldra. Alle tiltak som vert iverksett skal vere eigna til å møte barnets og foreldras behov og til å bidra til positiv endring hos barnet eller i familien.

Dei aller fleste tiltak som vert iverksett for barn, ungdom og familiar er det vi kallar frivillege hjelpetiltak. Det vil sei at partane sjølv har samtykka til å motta ulike formar for hjelp. Døme på frivillege hjelpetiltak er; ulike formar for råd og rettleiing, avlastning, støttekontakt, samarbeidsmøter med andre instansar, opphald på foreldre barn senter, frivilleg plassering i fosterheim etc.

Når det er fatta vedtak om hjelpetiltak, er barnevernstenesta lovpålagt å ha ein tidsavgrensa tiltaksplan. Barneverntenesta skal følgje nøye med på korleis det går med barnet og foreldra, og vurdere om hjelpa er tenleg. Det er også lovpålagt at tiltaksplan skal evaluerast jamleg og samarbeid med barn og foreldre. Medverknad både frå barn, ungdommar og deira foreldre står sentralt i tiltaksjobbinga, og deira stemme i eigen sak er viktig.

Ulike formar for råd og rettleiing er det tiltaket Kinn barnevern vedtar i dei fleste familiane. I desse sakene får vi også ofte ei koordinerande rolle; vi evaluerer sakene og føl med på barnets utvikling.



Kinn barnevern	2023	2022
Antall barn med hjelpetiltak per 31.12.23	133	157
Antall som er frivilleg plassert i fosterheim per 31.12.23	14	9
Antall barn som manglar tiltaksplan per 31.12.23	15	16
Antall barn som mangler evaluering av tiltaksplan per 31.12.23	23	24

Barnevernleiar si vurdering av tiltaksarbeidet:

Antall familiar som har motteke hjelpetiltak frå Kinn barnevern har vore ganske jamn dei siste åra, men ein kan sjå at det har vore nedgang i barn som mottar hjelpetiltak i 2023. Dette kan ha ei samanheng med at barnevernstenesta har hatt større fokus på å rydde i saker til den enkelte kontaktperson, noko som har ført til at fleire saker har vorte avslutta.

Vi har fleire barn som manglar evaluering av tiltaksplan, og dette er eit lovbrøt. Kinn barnevern har god kontroll på dei barna dette gjeld. Dette ved regelmessig gjennomgang av saksmengda til den enkelte kontaktperson i saksrettleiing/nøkkeltalsgjennomgang med avdelingsleiar. Manglande evaluering av tiltaksplan heng saman med manglande ressursar knytt til sjukemelding, stor saksmengde samt at vi i samband med det må gjere prioriteringar av kva sak som haster mest.

Utviklingsområde hjelpetiltak, 2024:

Kinn barnevern vil utvikle eige tiltaksarbeid slik at vi har tilpassa og gode tiltak til dei mest kompliserte sakene våre medan andre instansar jobbar med dei enklare sakene. Dette er også ei ønska utvikling i samsvar med oppvekstreforma.

Målet er at vi får redusert kjøp av kostbare private tiltak ved at vi drifter desse sakene i størst mogleg grad sjølv. Kinn barnevern har fått tilført 100 % tiltaksressurs til tenesta våren 2024 til dette arbeidet.

Leiar har ein ambisjon om å auke bruken av familieråd i hjelpetiltaksarbeidet vårt. Barn og familiar skal involverast og ha innflytelse, samt at erfaringar og ressursar i eigne nettverk skal vektleggast.



5.4 Barn under omsorg

Barneverntenesta har tiltak som kan påtvingast ved tvang, og som ikkje er frivilleg for barn og foreldre. Døme på slike tiltak er; akutt plassering i beredskapsheim eller institusjon, planlagt plassering i fosterheim eller institusjon, tvangsopphald på foreldre barn senter etc.

Barn som bur i fosterheim skal ha lovpålagt oppfølging og det skal førast tilsyn med korleis barnet har det. Det er eit lovkrav at barnevernstenesta alltid skal vurdere plassering i barnets slekt og nettverk. Så snart som mogleg etter at barneverns- og helsenemnda har fatta vedtak om omsorgsovertaking skal barnevernstenesta utarbeide ein plan for barnets omsorgssituasjon og oppfølging av barn og foreldre. Ei omsorgsovertaking skal etter hovudregelen vere midlertidig og planen må etter dette innehalde oppfølgingstiltak som kan legge til rette for at foreldra kan få omsorga tilbake.

Dei fleste barn Kinn kommune har omsorga for bur i fosterheim. Kinn kommune har også fleire barn under omsorg i institusjon, men av personvernomsyn vert ikkje det eksakte talet nemnt i denne rapporten.

Frå våren 2024 har Kinn barnevern omorganisert arbeidet med barn under omsorg i team omsorg og ettervern, der vi no jobbar spesialisert med omsorg- og ettervernssaker.

Kinn barnevern	2023	2022
Antall barn under omsorg som kommunen har oppfølgings- og kontrollansvar for (fosterheim eller institusjon) per 31.12.23	27	33
Antall barn som manglar omsorgsplan	0	0
Antall barn som manglar oppfølgingsbesøk 4 gangar i året	2	3

Barnevenleiar si vurdering av arbeidet med barn under omsorg:

Ingen av barna i Kinn barnevern manglar omsorgsplan. Det er imidlertid eit lovbrøt at ikkje alle barn under omsorg har fått tilstrekkeleg oppfølgingsbesøk i 2023. Barneverntenesta har kontroll på kva barn det gjeld, og jobbar aktivt for at denne type svikt ikkje skjer.

Det er auka krav til sakshandsaming med omsyn til plan for tilbakeføring, auka dokumentasjonskrav og forventa auke i samvær mellom foreldre og barn. Ein kan sjå på eit generelt grunnlag at det er ei auke i samvær mellom foreldre og barn. Dette betyr at barnevernstenesta får meir organisering og oppfølging av samvær. I tillegg er det fleire områder som skal følgjast opp og dokumenterast i oppfølgingsbesøk av fosterheimar. Barna



skal også medverke i oppfølginga, noko som betyr auka krav til sakshandsaming og dokumentasjon.

Leiar si vurdering er at tenesta har jobba godt med lukking av lovbrøt som vart avdekket etter tilsyn frå Statsforvaltaren i 2023. Det er likevel viktig at leiing har eit kontinuerleg fokus på forbetningsarbeidet fram til endringane er tilstrekkeleg implementert i tenesta. Dette er også eit kontinuerleg og pågåande arbeid.

Utviklingsmål område omsorg, 2024:

Vi vidarefører arbeidet med utviklingsplan på området omsorg. Det tar lang tid å implementere nye rutinar og arbeidsmåtar, og dette vert eit viktig fokusområdet framover.

5.5 Ettervern

Barneverntenesta skal tilby barn som har hatt barneverntiltak fram til dei fyller 18 år, tilbod om ettervern fram til dei er fylt 25 år (barnevernsloven § 3-6). Det er ei utviding av ordninga frå 23 – 25 år i ny barnevernslov.

Målet med ettervern er å gje ungdomane hjelp på vegen til sjølvstendigheit. Aktuelle tiltak kan vere psykososial støtte, praktisk hjelp når det gjeld bustad, utdanning, jobb, økonomi og sosialt nettverk. Ettervern skal hjelpe ungdommen frå eit liv med oppfølging frå barneverntenesta eller fosterfamilie, til ei sjølvstendig tilvære.

Barneverntenesta i Kinn har låg terskel for å hjelpe ungdom etter fylte 18 år, men vi stiller og krav til ungdommane som ønsker ettervern. Slike krav kan til dømes vere at ungdommen skal jobbe målretta mot skulegang eller arbeid.

Kinn barnevern	2023	2022
Antall unge 18 – 25 år som motteke ettervern per 31.12.	32	37

Barnevernleiar si vurdering av arbeidet med ettervern:

Barnevernleiar vurderer at ettervern vert ivareteke på ein god måte i Kinn barnevern. Vi ser at ungdommane vert buande lengre i fosterheimane sine, eller hybeltiltak med oppfølging av miljøarbeidar eller støtteperson. Ungdom som flytter ut av fosterheimane sine ønsker vidare oppfølging, og vi har fleire som fullfører høgare utdanning med støtte frå barneverntenesta. Dette vil kunne gje auke i kostnader framover då vi ser at fleire nyttar seg av retten til oppfølging samtidig som det gir meir oppgåver og oppfølgingsansvar for sakshandsamar då vi ser ei auke i omfanget av ungdom som motteke ettervern.



5.6 Barnevernvakt

Kinn barnevern deltek i ei interkommunal barnvernkvaktordning saman med kommunane Sunnfjord, Bremanger, Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Barnevernvakta er ei telefonvakt med fast telefonnummer som er gjort kjend for politi, lege og alarmtelefonen for barn og unge, samt at nummeret ligg på heimesida til kommunane. Det er Sunnfjord som er vertskommune, og har ansvar for å sette opp vaktplan for fordeling av vaktbelastning. Barnevernsvakta er tilgjengeleg for henvendingar utover kontortid, frå 15.30 – 08.00, og i helg.

5.7 Bemanning, sjukefråvær, kompetanse og kvalitet

Bemanning

Til saman har Kinn barnevern 18,30 årsverk. Vi har over fleire år hatt ei stabil tilsettgruppe, med lite turnover, noko som vil seie at vi har mange tilsette med lang erfaring og høg kompetanse.

Sjukefråvær

Kinn barnevern har hatt eit relativt høgt sjukefråvær i tenesta dei siste åra noko som er ei utfordring.

I 2023 viser statistikk frå 4. kvartal at Kinn barnevern Florø hadde ei fråværsstatistikk på 5,6 %, i 3. kvartal 1,2 %. Kinn barnevern Måløy hadde ein fråværsstatistikk på 0 % i 4. kvartal, i 3. kvartal 14,9 %. Statistikken er henta frå NAV arbeidsgjevar sin sjukefråværsstatistikk for tenesta.

Kinn barnevern har tilsette med lang fartstid og belastningar over tid kan vere ei årsak til sjukefråvær. Med ei aukande saksmengde er det ei vanskeleg oppgåve å balansere kravet om å oppretthalde forsvarleg drift og innfri lovkrav, samtidig som det er behov for å tilpasse den enkelte sakshandsamar si arbeidsmengde og ansvar.

Når vi ser på Kostra tallene for barn med undersøkingar eller tiltak per årsverk i perioden 2020 – 2022 ligg barnevernstenesta i 2021 på 20,4 barn per årsverk, mot Kostragruppe 07 som ligg på 18,2 barn per årsverk, Sunnfjord med 13,4. I 2022 ligg barneverntenesta på 17,6 barn per årsverk, mot Kostragruppe 07 som ligg på 16,3 barn per årsverk, Sunnfjord med 11,6.

Det betyr at Kinn barnevern er lågare bemanna med omsyn til sakshandsaming målt opp mot Kostragruppe 07 og Sunnfjord. Dette kan få betydning for kvalitet og forsvarlighet i arbeidet



vårt, og er ein vesentleg sårbarhet for tenesta med omsyn til både sjukefråvær og turnover. Med «sårbar» bemanning aukar risikoen for at saker ikkje vert handtert forsvarleg og at barn får ikkje den hjelpa og det vernet dei er i behov av.

Stabile tilsette med lang erfaring og høg kompetanse har etter barnevernleiar si vurdering vert ei medverkande årsak til at barnevernstenesta ikkje har fleire fristbrot enn vi har per i dag.

Det vert jobba med å styrke oppfølging av tilsette for å forebygge sjukefråvær, og det vert gjort individuelle omsyn. Sjukefråvær er kostbart for tenesta. Det har blant anna ført til at vi har sett behov for å nytte ekstern vikar til sakshandsaming for å sikre forsvarleg drift.

Utviklingsområder i HMS arbeidet i 2024:

- Systematisk førebygging av arbeidsrelatert sjukefråvær.
- Iverksetting av prosessretteleing til alle kontaktpersonar av ekstern psykolog.
- Iverksetting av trepartssamarbeid der vi skal jobbe systematisk med å skape eit godt arbeidsmiljø i Kinn barnevern.

Kompetanse

Barnevernslovens § 15-2 annet ledd sier at «*Kommunen skal sørge for nødvendig opplæring og veiledning av barnevernstjenestens personell. Personellet har plikt til å delta i den opplæringen og veiledningen som blir bestemt. Departementet skal gi forskrift om opplæring*».

Å sikre at tilsette i tenesta har rett kompetanse handlar om rekruttering, tilby tilsette kompetanseheving samt å behalde tilsette. Kinn barnevern har stabile tilsette og alle har minimum 3 årig høgskuleutdanning innan ulike fagretningar, til dømes barnevernpedagogar og sosionomar, førskulelærara og anna høgskuleutdanning. Dei fleste har også gjennomført vidareutdanning og tilleggsutdanningar, jf krav om master eller tilsvarande.

Avdelingsleiar i Florø fullfører våren 2024 vidareutdanning i barnevernsfagleg rettleiing.

Tenesta har starta arbeidet med å utarbeide ein kompetanseplan. Denne planen skal gje ei oversikt over tenesta si samla kompetansebeholdning, og vil vere styrande for tenesta si vidare kompetanseutvikling på kort og på lang sikt.

Utviklingsområder for kompetanse 2024 - 2025:

Vi legg til rette for at alle tilsette gjennomfører nasjonale vidareutdanningar ihht. kompetansestrategien og for å oppnå kompetansekrav frå 2031.



Kvalitet

Arbeidet med å kvalitetssikre det barnevernsfaglege arbeidet med barn og unge er ein kontinuerleg prosess.

I 2021 deltok heile tenesta i tenestestøtteprogrammet, eit nasjonalt tiltak som skal bistå kommunale barnevernstenester med sin utvikling gjennom å:

- Styrke kvaliteten på barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar og beslutningar.
- Styrke kvaliteten på barnevernstenesta sitt samarbeid med familiar om endringar gjennom hjelpetiltak.
- Auke tenesta si grunnleggande traumeforståing og innsikt i barn og unges ulike uttrykk og behov.
- Styrke tenestene sitt arbeid med nettverksmobilisering og brukarmedverknad.

Programmet hadde også ein eigen leiarstøttemodul.

I 2022 og i første halvdel av 2023 jobba tenesta aktivt med eit godt system for internkontroll, som skal gje oss ei betre oversikt og styring av tenesta. Vi har gjennomført opplæring i avvikssystemet i Compilo og utarbeida årshjul for internopplæring og internkontroll. Vi skulle i 2023 utarbeide ROS-analyse for sentrale og viktige delar av arbeidet vårt, noko som vil gje oss betre oversikt over deler av arbeidet vårt som kan vere sårbare for svikt. Arbeidet med ROS-analyse måtte flyttast til første halvdel av 2024. Dette grunna arbeid med oppfølging og lukking av lovbrøt hausten 2023.

Det er gjennom leiing og styring at barneverntenesta jobbar med kvalitet og forsvarligheit. Det er frå nasjonalt hald anbefalt og styrke barnevernet si leiing. Styrking av barneverntenesta si leiing er eit mål med omsyn til kvalitetsutvikling i barneverntenesta. Det er viktig at Kinn barnevern styrker leiinga for å ivareta kravet om auka kvalitet og internkontroll. For å ivareta utviklinga tenesta har med omsyn til å overhalde fristar i meldings- og undersøkingarbeid, tiltaksplanar og evalueringar og auka krav til oppfølging av barn under omsorg og fosterheimar må tenesta styrkast i både leiingsperspektivet og i utøving av sakshandsaming. Kravet til oppfølging av sakshandsamarar tek mykje kapasitet av barnevernleiar og avdelingsleiarane, som også jobber med eigne saker. Oppfølginga er ein del av internkontrollen og det førebyggjande arbeidet med omsyn til turnover og sjukefråvær.

Kinn barnevern har eit mål om å gjennomføre systematiske brukarundersøkingar, men dette er ikkje gjennomført i 2023. Det bør ha eit høgt fokus framover og leiar har eit mål om at vi skal gjennomføre brukarundersøking i løpet av hausten 2024.

Gjennom brukarundersøkinga skal brukera kunne gje tilbakemelding om oppleving av kontakt med barnevernstenesta og tenestetilbodet vårt, ei tilbakemelding som kan vise behov for forbetring. Brukarmedverknad og dialog er eit av dei mest sentrale og viktigaste emna i forbetningsarbeidet vårt.




Kinn barnevern rapporterer 4 gangar i året til Statsforvaltaren.

5.8 Økonomi

Ut frå rekneskapan har Kinn barnevern hatt eit meirforbruk siste åra. Det kan vere vanskeleg å forutsjå eksakt kor og når barneverntensta sine utgifter inntreff, då dette heng saman med familiane si dynamiske livsførsel som slår ulikt ut frå år til år. Vi veit kva vi har bak oss, men ikkje kva som ligg framfor oss. Barnevernstenesta er ei driftsmessig kompleks teneste, då nye og alvorlege barnevernssaker umiddelbart produserer risiko for store kostnader, samt ved alt endringsarbeid i faglege barnevernssaker er svært tidkrevjande. Vi har i 2023 hatt ei stor auke i barnevernssaker som omhandlar alvorleg psykisk uhelse, rus og atferd/kriminalitet, noko som er svært belastande for den det gjeld og samtidig svært kostnadskrevjande for tenesta. Med utgangspunkt i dette er det leiar si vurdering at utsiktene knytt til økonomi er noko usikre.

Kinn barnevern ligg høgare enn Kostragruppe 07 på netto driftsutgifter per innbygger til barnevern.



Kostnadsbildet vert påverka av korleis tenesta løyser oppgåvene sine. Kinn barnevern kjøper dyre tiltak til dei tunge barnevernsakene frå private aktørar, derav høge driftsutgifter knytt til




dette. Kinn barnevern har også hatt ei betydeleg auke knytt til eigenandel for plasseringar i institusjon, samt til forsterkning av fosterheimar.

I det tenesta beslutter å kjøpe tiltak frå dyre private aktørar, som til dømes Plan B ligg det særlege vurderingar bak dette, som til dømes:

- Pålegg frå barneverns- og helsenemnda om iverksetting av spesifiserte tiltak etter samtaleprosess
- Føringar i barneverns- og helsenemnda sitt vedtak om heimebaserte tiltak og oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
- Ungdomssaker med alvorleg bekymring knytt til rus og kriminalitet, behov for mannleg miljøarbeidar.

Vi har stor tru på at eigenproduserte tiltak som jobbar direkte inn i heimane vil vere bra for familiane, samt at kommunen på sikt vil kunne komme mykje rimelegare utav det.

Vi har høge utgifter til hjelpetiltak, som til dømes dyre private avlastningstiltak samt auka utgifter i samband med auke i ungdom som motteke ettervern.



Økonomianalyse, 2023 Kinn kommune

I desse sakene er det fatta vedtak om tiltak som ikkje alltid kan, eller bør avsluttast brått. Barnevernstenesta må ta omsyn til barnet og familien som tek imot tiltaket. Kompleksiteten i ei barnevernsak inneber ofte eit langsiktig arbeid og er til ei kvar tid vurdert opp mot behovet til barnet, og barnets beste. Det er derfor viktig at vi har fokus på evaluering av tiltaket.



6. Utfordringsbildet

- Barnevernstenesta si hovudutfordring per i dag er knytt til lov- og forsvarligheitskravet. Krav med omsyn til dokumentasjon, tilbakeføring og samværsordningar og bruk av nettverks plasseringar har auka. Dette kan sjåast i samanheng med dommane frå EMD samt krav til auka dokumentasjon og faglege vurderingar i sakene.
- Styrke leiarnivået i tenesta. Det skal jobbast med leiaratferd og struktur, samt at det må vurderast kvar ressursane skal nyttast til ei kvar tid.
- Kinn barnevern har høg arbeidsbelastning per kontaktperson og mange alvorlege saker. Dette utgjere ei stor utfordring per i dag, og tenesta er utsett for både sjukemeldingar og turnover.
- Ei anna utfordring er tilgang til relevante og kvalifisert gode hjelpetiltak til dei tyngre barnevernsakene, som primært jobbar heime hos familiarne. Vi manglar også tilgang på gode og verknadsfulle hjelpetiltak til barn over 12 år. Det vil vere behov for fleire typar hjelpetiltak for å nå målsettinga om at fleire barn og familiar skal få hjelp slik at barna kan bli buande heime eller i eigen kommune.
- Familiar med høgt konfliktnivå mellom føresette utgjere fortsatt ein stor del av sakene i Kinn barnevern. Dette er komplekse saker der konfliktnivået er svært høgt, og det er vanskeleg å få til positiv endring.
- Vi har også i 2023 og første halvdel av 2024 fått mykje meldingar som omhandlar vold i nære relasjonar. Dette er saker som belastar store ressursar i tenesta, og som kan vere ei stor påkjenning å jobbe i.
- Det er ei utfordring at det vert stilt stadig høgare krav og forventningar til tenesta på alle områder. Dette utan at det medfølger ekstra ressursar til arbeidet. Ettervern har blitt utvida til 25 år, samværsomfang mellom barn og foreldre som ikkje bur saman aukar samtidig som det vert stilt større krav til arbeid med biologiske foreldre med tanke på å legge til rette for tilbakeføring. Krav til omfang og kvalitet på hjelpetiltak i familien vert større og det vert brukt mykje tid på medverknad for alle barn og unge som har aktiv sak i barnevernstenesta. Dette inneber ofte vanskelege prioriteringar, og at vi i periodar ikkje får til alt vi skulle ønske.

Målsetting i 2024:

Ivareta auka dokumentasjonskrav gjennom å styrke tenesta med ein ekstra tilsett på sakshandsamingsnivå. Viktig å sikre tilstrekkeleg bemanning slik at Kinn barnevern kan levere fagleg forsvarlege tenester. Kinn barnevern har over tid lagt høgare enn Kostragruppe 07 og Sunnfjord med antall saker per kontaktperson, altså antall barn med undersøkelse eller tiltak per kontaktperson.



7. Innsatsområder og tiltak

- Kinn barnevern har eit mål om å bli ei robust teneste prega av høg fagleg kvalitet
- Vi har framleis fokus på å jobbe oss godt inn i ny barnevernlov.
- Barn og unges medverknad er eit prioritert innsatsområde, vi ønsker å gjennomføre systematiske brukerundersøkingar samt legge til rette for kompetanseheving og øving i barnesamtaler.
- Jobbe godt og systematisk med internkontroll både i melding og undersøkingssaker, men også i hjelpetiltak- og omsorgssaker. Dette er eit kontinuerleg og pågåande arbeid som må ha høg prioritet.
- Kompetanseheving, jf. krav om master eller tilsvarande (barnevernreforma)
- Rettleiing til fosterheimane, vidareføre fokus på korleis løyse dette på ein god måte.
- Vi har eit mål om å redusere kjøp av dyre tiltak frå private aktørar, og at vi drifter dei tyngre hjelpetiltaka sjølv.
- Tenesta må jobbe aktivt med sjukefråværet gjennom tydelegare og tilstedeværande leiing samt betre struktur og tettare oppfølging av sjukemeldte.
- Digibarnevern og nytt fagsystem: Kinn barnevern vil i løpet av utgangen av 2024 få nytt fagsystem. Fagsystemet er ei IT løysing som skal gje tilsette og leiarar i den kommunale barnevernstenesta støtte til sakshandsaming, styring og samhandling. Nytt fagsystem skal bidra til auka kvalitet, effektivitet og forsvarligheit.